



Notat

Til: Øystein Helleseeth

Frå: Terje Jan Nes, Helge Robert Midtbø

Dato: 30.11.23

Investeringsbudsjett 2024 – ROS analyse på tenkt investeringsbudsjett

Saksopplysningar

Bestilling frå økonomidirektør etter møtet i investeringsutvalget tysdag 21.11.23:

Viser til møtet i investeringsutvalget på tirsdag. Som nevnt i møte:

- *størrelsen på investeringsbudsjettet for 2024 er ikke vedtatt av Arve*
- *Det er løpende dialog opp mot HV i forhold til likviditet og investeringsevne.*
- *Foreløpig ramme er satt til 10 millioner, som er 36,2 millioner lågere enn planlagt i økonomisk langtidsplaner.*
- *Det er ikke lagt inn endring på NFS*

- *Så er spørsmålet hvordan 10 millioner skal fordeles. I presentasjonen er det foreslått 8 millioner til MTU og 2 millioner til IKT. Det betyr at endringene er:*
- *MTU – fra 20 til 8 millioner*
- *IKT – fra 3,6 til 2 millioner*
- *Ambulanse – fra 10 til 0 millioner*
- ***Bygg – fra 12,6 til 0 millioner***

Ber om at det blir utarbeidd en ROS-analyse med utgangspunkt i

- *fordelinga over*
- *prioriteringslister vist i investeringsutvalget.*

Vurdering

I ØLP gjeldande 2020-2024 var det lagt opp til 70 millionar i investering på bygg og anlegg. Dette har krympa sjølv om noko er flytta til drift. Driftsmidlane har også vore gjenstand for avkorting. Helse Førde HF har vedteke i BMUP å ta ca 400 millionar av vedlikahaldsetterslepet skulle hentast inn fram til 2025. Når Livabygget vart vedteke bygd, sit ein igjen med manglande inndekning på ca 200 millionar.

Det er dei kritiske områda for logistikk som vil ha størst betydning for drifta av sjukehusa våre. Heis, ventilasjon og elektro har ein del risikoområde som no ikkje vert utbetra.

Konsekvensutgreiing:

Reduksjon av investeringsbudsjettet frå 12,6 til 0 millionar vil ha følgande konsekvensar:

- Terskelen for å reparere framfor å kjøpe nytt utstyr vil bli lågare, dette vil stagnere utvikling og vil generere økte vedlikehaldsutgifter men ikkje nødvendigvis økt kvalitet på behandlinga
- Sentralheisane er kritiske for drifta når Livabygget opnar, og var tenkt skifta i 2024!
- Andre heisar har kritisk tilstand med auka driftsstans!
- Driftsproblem på sterilteknisk utstyr vil gje konsekvensar for den kliniske aktiviteten.
- Manglande utskifting av senger vil vere kritisk for deler av drifta.
- Planlagde energiltak må stoppast med konsekvens for energikostnadane.
- Myndigheitskrav gjeldande ambulansestasjonar vil i værste fall medføre dagmulkt.

Prioriteringslister for 2024 vist i investeringsutvalet:

FSS	Drift & Eigedom	Utskifting heis 8	2 800 000
HF	Drift & Eigedom	Sterilteknisk utstyr	1 000 000
HF	Drift & Eigedom	Skalsikring	1 000 000
HF	Drift & Eigedom	Senger	1 000 000
NSH	Kirurgisk klinikk	Rein/Urein sone Ambulansestasjon	2 000 000
LSH	Kirurgisk klinikk	Rein/Urein sone Ambulansestasjon	2 000 000
LSH	Drift & Eigedom	Solskjerming sør LSH	500 000
FSS	Kirurgisk klinikk	Takoverbygg akuttmtottak delprosjekt	2 300 000
			12 600 000
NSH	Drift & Eigedom	Trykkauke vassinntak	1 000 000
FSS	Drift & Eigedom	Lagerbygg	1 500 000
NPS	Drift & Eigedom	Ny fløy BUP Nordfjordeid (Estimat)	15 000 000
Tronvik	Drift & Eigedom	Varmepumpe Tronvik	2 500 000
ISP	Psykiatrisk klinikk	Carport leasingbilar	600 000
NSH	Drift & Eigedom	Utelager/garasje hageutstyr TD NSH	1 000 000
ISP	Psykiatrisk klinikk	Ombygging resepsjon ISP	350 000
FSS	Drift & Eigedom	Vent. Anlegg nr.2 3602 Svana	750 000
FSS	Drift & Eigedom	Oppgradering tilfluksrom	1 000 000
NSH	Drift & Eigedom	Riving Ålefothuset	1 000 000
NSH	Drift & Eigedom	Ladeplass/carport til el tjenestebiler NSH	600 000
LSH	Drift & Eigedom	Utvendig rampe varemottak	1 000 000
LSH	Drift & Eigedom	Utviding parkeringsplass	1 000 000
LSH	Drift & Eigedom	Solskjerming sør	750 000
LSH	Medisinsk klinikk	Isolat	1 000 000
FSS	Drift & Eigedom	Ny kompressor medisinsk trykkluft	200 000
			41 850 000

Konsekvensutgreiing forts..

Nødvendig utbetring av takoverbygg akuttmottak vil tvinge seg fram i næraste framtid. Både oppdragsmengda og bilparken til ambulansetenesta har endra seg vesentleg frå bygginga av FSS og fram til idag.

Sjukehuset har fleire og meir spesialiserte funksjonar som og gjer til at fleire pasientar vert sendt til Førde. Ambulansebilane er både lengre og høgre medrekna antenneutstikk. Skywalken som bind saman Farabygget og Svanabygget har ført til ein langt trongare passasje. Søylen som held dagens overbygg gjer at vi ikkje får tilstrekkeleg svingradius.

Det er tidvis kapasitetsproblem ved parkering ved akuttmottak og i dag er det mykje rygging og lirking i samband med pasientlevering.

Dagens overbygg er berre dimensjonert for ein bil, medan det reelle behovet er 4-5 bilar under tak. I dag blir pasientar og dyner våte ved forflytting i nedbør.